

Uttale til Forvaltningsreforma, jfr. Høyringsbrev frå KRD datert 26.02.2008

Regionrådet Nordhordland IKS representerer kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy med denne uttalen. Gulen kommune, som også er medlem i Regionrådet, har gitt sin uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I Regionrådet sine vedtekter står det at »Rådet skal vidareutvikle regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt. Rådet skal arbeide med saker av felles interesse mellom kommunane og skal fremje regionen sine interesser overfor fylkes- og riksnivået og i internasjonal samanheng.»

Uttale:

Me viser til sitt tidlegare vedtak i Hordaland fylkesting om at Hordaland fylkeskommune ønskjer å inngå i ein Vestlandsregion saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune, og meiner framleis dette vil vera det beste for utvikling av Vestlandet. Dette vil gje eit sterkt folkevald regionalt nivå som kan ta på seg store samfunnsoppgåver, og som kan vere eit talerøyr for regionen og ei motmakt mot den sterke sentralstyringa me har i Noreg i dag. Dette vil styrkje Vestlandet som verdiskapingsregion, og gje eit betre grunnlag for å ta tak i Vestlandet sine utfordringar på landselen sine eigne premisser.

Me registrerer at det ikkje ser ut til å bli store regionar no. Det bør likevel arbeidast vidare med sikte på å etablere ein Vestlandsregion på lenger sikt.

1. Dette støttar me:

Me støttar høyringsforslaget i synet på å oppretta nye ordningar med lokale forskingsfond, tettare lokale nettverk for å utvikla regionane. Det same gjeld overføringa av oppgåver innan samferdslesektoren på vilkår av at det følgjer pengeløyvingar med får å ta seg av oppgåvene. Me er også positive til planane for Innovasjon Norge/regionale innovasjonsselskap.

Det er positivt at andre riksvegar inklusiv riksvegferjer er føreslått overført til regionalt nivå. Me forventar at det blir kompensert for etterslepet i vedlikehald og at det vert greidd ut modellar for å ivareta dette. Regionane må ha ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet, både i høve til overordna langtidsplanar og utbyggingspakker og i forhold til de årlige budsjetta. Dette krev at store delar av planstaben ved Statens Vegvesen vert ført over til regionane.

Me støttar framlegget om lovfesting av ansvaret for folkehelsearbeid til regionane. Regionane bør få eit heilskapleg ansvar på området, dette gjer at oppgåver som no er lagt hos fylkesmannen må overførast til regionane, inklusiv tilskotsordningar og personell.

2. Styrking av lokal forvaltning.

Det synest å vera ei vanleg oppfatning blant store deler av folket, at meir makt og mynde må overførast frå statleg til regionalt og lokalt nivå. Det er eit viktig prinsipp at mest mogleg makt og mynde ligg i kommune og region, slik at oppgåver i størst mogleg grad vert løyst nært folket.

Me meiner at høyringsnotatet i for liten grad har reelt innhald i overføring av viktige oppgåver frå sentrale styresmakter til folkevalde organ i fylka, og nemner særleg Fylkesmannsembetet. Høyringsforslaget er for lite nytenkjande her.

3. Framlegg til oppgåver/funksjonar som kan overførast til Fylka:

Heile landbruks- og miljøvernavdelinga frå Fylkesmannen, inklusive det å vera klagemyndigheit og motsegnsmyndigheit på kommunale vedtak etter PBL.

Kulturpolitikken bør styrkjast som regionalpolitisk område. Det er etter vår meining muleg å overføre store delar av tilskotsforvaltinga og andre kulturoppgåver til regionane også innanfor ei forsterka fylkesmodell. Me vil be om at Regjeringa delegerer oppgåver som det praktiske forvaltings- og skjøtselarbeidet som Riksantikvaren gjer innan kulturminnevernet.

Me vil be om at ansvarsdelinga mellom Husbanken innan tettstadsutvikling og byggeskikk vert vurdert. Verkemidlane i Husbanken bør knytast sterkare opp til regionane sitt utviklingsarbeid, og organisatoriske og oppgåvemessige endringar bør vurderast. Også tilhøvet til Statens bygningstekniske etat bør vurderast, då fylkeskommunen har ei rettleiingsrolle som berører spørsmål som gjeld klima, miljø universell utforming, byggjeskikk og enøk.

Austrheim kommune

Fedje kommune

Lindås kommune

Ole Lysø
Ordførar

Kristin Handeland
Ordførar

Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar

Masfjorden kommune

Meland kommune

Modalen kommune

Håkon Matre
Ordførar

Nils Marton Aadland
Ordførar

Knut Moe
Ordførar

Osterøy kommune

Radøy kommune

Kari Foseid Aakre
Ordførar

Jon Askeland
Ordførar